

«Make Grass Great Again»

Lars Gunnar Flatvad, NLR

I dag blir nesten all eng i Noreg gjødsla med lik mengde innad på skifte eller i nokon tilfelle likt på heile garden. Tetttheit og avlingspotensiale på enga kan variere mykje mellom forskjellige skifter og innad på skiftet. Dagens strategi for planlegging av gjødselmengd tek utgangspunkt i jordprøvar, ofte samleprøve for hele skiftet, og bondens forventta avlingsmengd. Vi ynska å prøve ut presisjonsløysingar for å sjå om vi kunne få til ei riktigare gjødsling. Metodane vi såg på var haustekart frå JD HarvestLab og AtFarm.

På grunn av måten forsøket var lagt opp på er det mogleg å sjå fleire samanhengar mellom tildelt gjødselmengde og avlings og proteinresultat, men det er dessverre for liten datamengd til at ein kan trekkje ein tydeleg konklusjon. Vi har likevel gjort oss ein del erfaringar med begge verktya vi prøvde ut som vi håpar at bonden kan dra nytte av i praktisk bruk, og som vi håpar å kunne nytte til å få til eit betre forsøk i år.